STRANDA KOMMUNE
SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Asle Johan Bergseth Konnerth	Arkivsak: 25/1915

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
FORMANNSKAPET	04.11.2026	141/26

Samling av forskrifter til ei lokal jaktforskrift

Kommunedirektøren si tilråding:

- Forslag til forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og rådyr, bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål og fastsetjing av fellingsavgift for hjort i Stranda kommune vert sendt på offentleg høyring.
- Høyringsfristen vert sett til fire veker.
- Høyringa vert avgrensa til samordninga av dei gjeldande forskriftene, tilpassinga til ny kommunegrense, heimelsgrunnlaget og den forskriftstekniske utforminga. Forslaget legg ikkje opp til ein ny fagleg gjennomgang av gjeldande minsteareal, fellingsavgift eller ordninga med bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål.
- Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre språklege, lovtekniske og forskriftstekniske justeringar i høyringsforslaget før utsending.
- Etter høyringa vert saka lagd fram for kommunestyret til endeleg handsaming.

04.11.2026 FORMANNSKAPET

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

FOR - 141/26 Vedtak

- Forslag til forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og rådyr, bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål og fastsetjing av fellingsavgift for hjort i Stranda kommune vert sendt på offentleg høyring.
- Høyringsfristen vert sett til fire veker.
- Høyringa vert avgrensa til samordninga av dei gjeldande forskriftene, tilpassinga til ny kommunegrense, heimelsgrunnlaget og den forskriftstekniske utforminga. Forslaget legg ikkje opp til ein ny fagleg gjennomgang av gjeldande minsteareal, fellingsavgift eller ordninga med bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål.
- Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre språklege, lovtekniske og forskriftstekniske justeringar i høyringsforslaget før utsending.
- Etter høyringa vert saka lagd fram for kommunestyret til endeleg handsaming.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka
Ved kongeleg resolusjon 1. desember 2025 vart det vedteke ei grensejustering mellom Stranda og Fjord kommunar. Grensejusteringa inneber at Liabygda vert overført frå Stranda kommune til Fjord kommune frå 1. januar 2027.

Lovdata har i samband med grensejusteringa gjort Stranda kommune merksam på at kommunen har ansvar for å endre lokale forskrifter som omtalar Liabygda. Ei av desse er forskrift 29. april 2020 nr. 1212 om tilgang til jakt etter hjort og rådyr i Stranda kommune. Forskrifta må endrast slik at det geografiske verkeområdet samsvarar med dei nye kommunegrensene.

Kommunen har samstundes vurdert det som formålstenleg å gjennomgå og samordne dei lokale forskriftene på jaktområdet. Dagens føresegner er fordelte på fleire forskrifter. For å gjere regelverket meir oversiktleg og tilgjengeleg vert det foreslått å samle føresegnene i éi ny lokal jaktforskrift for Stranda kommune.

Forslaget til ny forskrift omfattar opning av jakt på hjort og rådyr, fastsetjing av minsteareal for hjort og rådyr, fellingsavgift for hjort og bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål ved jakt på hjort. Dei tre gjeldande forskriftene som vert erstatta av den nye forskrifta, vert foreslått oppheva frå same tidspunkt som den nye forskrifta tek til å gjelde.

Saksopplysningar

Forslaget legg opp til at tre gjeldande lokale forskrifter vert oppheva og erstatta av éi samla jaktforskrift for Stranda kommune. Forskrifta regulerer opning av jakt på hjort og rådyr, minsteareal for hjort og rådyr, fellingsavgift for hjort og bruk av restlysforsterkande og termiske siktemål ved jakt på hjort.
Forslaget må sendast på offentleg høyring før endeleg handsaming og kunngjering i Norsk Lovtidend.

Frå same tid den trer i kraft vert dei einskilde følgjande forskrifter oppheva:

1. forskrift 29. april 2020 nr. 1212 om adgang til jakt etter hjort og rådyr, Stranda kommune, Møre og Romsdal,
2. forskrift 1. desember 2025 nr. 3010 om fellingsavgift for elg og hjort, Stranda kommune, Møre og Romsdal
3. forskrift 26.august 2026 nr. 1687 om bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål ved jakt på hjort, Stranda kommune, Møre og Romsdal.

Vurdering

Grensejusteringa mellom Stranda og Fjord kommunar gjer det nødvendig å tilpasse det lokale forskriftsverket til kommunegrensa som skal gjelde frå 1. januar 2027. I staden for å endre kvar forskrift særskilt, vurderer kommunedirektøren det som formålstenleg å samle dei gjeldande lokale føresegnene på jaktområdet i éi forskrift.

Forslaget er i hovudsak ei forskriftsteknisk samordning og forenkling. Det vert ikkje lagt opp til ei ny fagleg vurdering av gjeldande minsteareal, fellingsavgift eller ordninga med bruk av

restlysforsterkande og termiske siktemiddel. Ei samla forskrift vil gjere regelverket meir oversiktleg og tilgjengeleg for jegerar, grunneigarar, jaktrettshavarar og den kommunale forvaltninga. Dette er også i samsvar med tilrådinga frå Landbruksdirektoratet om å samle opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift i éi kommunal forskrift.

Forskrifta vidarefører opninga for jakt på hjort og rådyr og dei gjeldande minsteareala for hjort og rådyr i dei ulike delane av kommunen. Minsteareala dannar grunnlaget for tildeling av fellingsløyve og legg til rette for ei geografisk differensiert hjorteviltforvaltning.

Føresegna om fellingsavgift vert også vidareført. Avgifta vert sett til den maksimale satsen fastsett gjennom Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Ei slik utforming gjer at forskrifta ikkje må endrast kvar gong den nasjonale maksimalsatsen vert justert.

Ordninga med bruk av restlysforsterkare og termiske siktemål ved jakt på hjort vert vidareført utan materiell endring. Ved ordinær jakt skal bruken vere avgrensa til ope terreng. Reglane om bruk av slike siktemål ved ettersøk av påskoten hjort følgjer direkte av den nasjonale utøvingsforskrifta og treng derfor ikkje regulerast nærare i den lokale forskrifta. Den lokale forskrifta bør framleis innehalde krav om rapportering.

Sjølv om forslaget i hovudsak vidarefører gjeldande føresegner, vert det formelt fastsett ei ny lokal forskrift. Forslaget bør derfor sendast på høyring i samsvar med reglane om førebuing av forskrifter. Ettersom saka ikkje gjeld ein full revisjon av innhaldet, vurderer kommunedirektøren at det ikkje er behov for ei omfattande høyring eller ein ny fullstendig fagleg gjennomgang av dei enkelte ordningane.

Det vert tilrådd ei målretta høyring med fire vekers høyringsfrist. Høyringa bør særleg gjelde samordninga av forskriftene, tilpassinga til ny kommunegrense, heimelsgrunnlaget og den forskriftstekniske utforminga. Forslaget bør publiserast på kommunen si nettside og sendast direkte til aktuelle vald, bestandsplanområde, nabokommunen og andre relevante høyringsinstansar. Høyringa gjeld i hovudsak samling og forenkling av eksisterande lokale forskrifter. Det er ikkje foreslått større materielle endringar i regelverket. På denne bakgrunn er det vurdert at ein kortare høyringsfrist er forsvarleg. Fire veker gir etter kommunedirektøren si vurdering dei berørte ei reell moglegheit til å uttale seg, sett i lys av at dei materielle føresegnene i hovudsak vert vidareførte.

Etter høyringa skal innkomne merknader vurderast før forskrifta vert lagd fram for endeleg politisk handsaming. Når forskrifta er vedteken, må ho kunngjerast i Norsk Lovtidend. Dei eksisterande forskriftene som vert innarbeidde i den nye forskrifta, må opphevast frå same tidspunkt.

Kommunedirektøren vurderer på denne bakgrunnen at forslaget til samla jaktforskrift for Stranda kommune bør sendast på høyring.

Vedlegg:

Dok.dato:	**Vedlegg:**	**Dok.ID**
21.10.2026	Endring i lokale forskifter i samband med grensejustering - Fjord og Stranda kommune	453618